



MATTILSYNET

Felles postmottak Postboks 383  
2381 BRUMUNDDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Randi Erdal, 5764 3073  
Kari Elsa des Bouvrie, 5557 2022

## Svar på høyring- Forslag om endring av CWD-forskrifta

Vi viser til høyring av forslag om endring av CWD- soneforskrifta. Chronic Wasting Disease (CWD) er ein alvorleg sjukdom. Viss CWD skulle spreie seg til andre reindsdyrområde og andre hjortedyr, vil det bety ein risiko for matproduksjonen i utmarka og landbruket sitt omdømme. I forskrifta vert det føreslått at beitenæringa skal utføre tiltak som skal hjelpe med å hindre smittespreiing. Det vert mellom anna føreslått eit totalforbod mot å nytte faste salteplassar i alle tre sonene i Nordfjella området. Mange av beiteområda er store og enkelte nyttar opptil 2 dagar for å gå gjennom beiteområdet sitt. Om bøndene ikkje kan nytte salteplassar, vil dette truleg føre til at dyra vandrar mykje og går over i nye område, også utanfor det definerte Nordefjellområdet.

Vi meiner det er viktig at beitenæringa er med og bidreg til å hindre smittespreiinga, men vi ber om ein ser meir på risikoen i dei ulike sonene ved innføring av restriksjonar. Det er også viktig at bøndene får kompensert det ekstra arbeidet og ulempene restriksjonane medfører. Om endringa av CWD- forskrifta trer i kraft, vil det vere behov for ekstra midlar.

### Beitedyr i Nordfjella

Det er mange beitedyr i Nordfjella og svært mange bønder vert råka av restriksjonane. I fylka Hordaland og Sogn og Fjordane er det 9 beitelag som har beitedyr i Nordfjellasona. Til saman har desse om lag 9 000 sau og 16 000 lam som beitar i området. I tillegg er det eit mindre tal storfe og geit. Beitelaga i Hordaland er hovudsakleg i sone 0 og nokre i sone 2, medan det i Sogn og Fjordane er beitelag i alle sonene 0, 1 og 2.

### Kvifor like strenge krav i alle sonene?

Mattilsynet ynskjer å innføre eit totalforbod mot faste salteplassar i alle nordfjellasonene. Mattilsynet baserer dette på at det er smittestoff i alle områda, men det er ikkje dokumentert smittestoff i andre soner enn 1. Fylkesmannen i Vestland vil peike på at det kan verke strengt å innføre like krav i sone 0 og 2 som i sone 1, så lenge det ikkje er funne smittestoff utanfor sone 1. Her bør ein konkret vurdere om den konkrete smitterisikoen opp mot dei store ulempene eit totalt forbod mot salteplassar vil påføre næringa.

### Behov for midlar

Om det vert forbod mot bruk av faste salteplasser i alle Nordfjellasonene er det viktig at beitenæringa får kompensasjon for dei ulempene og ekstra arbeid det medfører. Per no står det kring 4,5 millionar att av tidlegare løyvde prosjektmidlar for beitenæringa som er råka av restriksjonane i CWD-område. Desse midlane vert brukt i kommande beitesesong. Det vil derimot



vere behov for vesentleg meir midlar enn dette dersom det vert forbod mot saltplassar. Eit anslag for Sogn og Fjordane og Hordaland tilseier at det for 2019 kan vere behov for 5 mill. berre til elektronisk sporingsutstyr og gjeting.

#### *Elektronisk overvaking*

E-bjøller eller radiobjøller kan lette arbeidet for bøndene då det er effektivt å få oversikt over kvar dyra er i fjellet til ein kvar tid. Då har ein betre moglegheit til å sette inn tiltak om dyra trekk ut av området. Om ein tek utgangspunkt i at 20 % av dei vaksne søyene skal ha e-bjøller, vil dette for Hordaland og Sogn og Fjordane bety ein kostnad på om lag 3 millionar kroner. For komande beitesesong vil det truleg ikkje vere mogleg å få tak i nok elektronisk overvakingsutstyr.

#### *Gjeting*

Faste salteplasser er med på å halde beitedyr i bestemte områder. Utan desse faste saltplassane vil dyra lett byrje å vandre over eit større område og til stader der dei ikkje skal vere. Eit aktuelt tiltak vil då vere å ha mykje meir tilsyn og gjerne gjeting. Viss beitelaga meiner det er naudsynt å hyre inn ein gjetar bør desse kostnadane bli dekkja. Eit grovt anslag på kostnadane til dette vil vere kring 2 millionar totalt for beitelaga i Sogn & Fjordane og Hordaland.

#### *Andre tiltak*

Andre tiltak kan vere fleire sperregjerder der det høver i terrenget, og eventuelt bruk av drone for å overvake vandringar ut av beiteområdet.

#### **Standardiserte satsar**

Vi vil peike på at det er viktig med standardiserte satsar (timesatsar) for kompensierende tiltak som vil verte dekkja.

#### **Kor lang brakkleggingsperiode?**

I høyringa står følgjande « Det er antydnet at brakkleggingsperioden skal vare i minimum 5 år». Vi har forståing for at det er vanskeleg å vite eksakt når området er smittefritt, men vi ber likevel om noko meir klarheit i når brakkleggingsperioden starta og kva horisont den har.

#### **Gjestebeiting**

Det er lite eller ingen gjestebeiting i Sogn og Fjordane og Hordaland, så vi vil ikkje uttale oss om dette. Vi har heller ikkje høyrte at det er aktuelt med nye gjestebeitingar slik situasjonen er no. Vi vil likevel peike på at det bør tydeleggjerast kven som skal forvalte, kontrollere og kompensere dei praktiske sidene med regelverket for gjestebeiting.

Med helsing

Christian Rekkedal  
landbruksdirektør

Randi Erdal  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*